

# Turmål i Vestre Slidre sumar/haust 2011



Nr	Turmål Min. 5 ulike turmål.	Informasjon om turmål + nedlasting av skjema Meir info: <a href="http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no">www.vestre-slidre-fjellstyre.no</a> <a href="http://www.vestre-slidre.kommune.no">www.vestre-slidre.kommune.no</a>	Poeng pr. tur	Før på dato for turen Maks. 5 turar pr turmål					Sum poeng
1	<b>Fjellsenden</b> 920 moh sørenden av Slettefjell	Parkering ved søppelcontainer v/Sølvsmia. Følg stølsvegen til det høgste punktet på vegen. Kasse på open varmistue.	10						
2	<b>Kvithøvd</b> 1001 moh Slidreåsen	Parker nedanfor Finneberg, ved turmålskilt. Følg grusveg 1,3 km, ta til høgre i kryss. Følg turmålpiler vidare.	20						
3	<b>Svarthamar</b> 1127 moh	Mange ulike startpunkt er mulig. Turmålskilt frå stølsvegen Hovda-Syndin ved Tistruptjedn	25						
4	<b>Kruk</b> 1582 moh Gilaffjellet	Turmålskilt frå Nørre Gile. Parker ved Pyttingen på vestsida av brua mellom Midtre og Nørre Syndin.	50						
5	<b>Kattugleberget</b> 1100 moh ved Strø	Turmålskilt ved stig til Skardtjernet ved parkeringsplass før krysset til Strø.	20						
6	<b>Gråkampen</b> 1595 moh Bukonofjellet	Kjør til turmålskilt like ved grustak inn til "sørre" Halvorstølen. Følg veg mot stølane. Sjå etter turmålpiler.	50						
7	<b>Skruletjednet</b> 1052 moh i Baklie	Kjør inn til Skruvla på vestsida av Storfjorden. Parker ved turmålskilt. Følg stig oppover langsmed eit jorde og sjå etter turmålpiler.	15						
8	<b>Langeberg</b> 1040 moh v/Krististølen	Mange ulike startpunkt er mulig. Turmålskilt frå Krististølen.	10						
9	<b>Knippa</b> 1368 moh	Mange ulike startpunkt er mulig. Turmålskilt frå Grønsennhøgde.	40						
10	<b>Ålfjell</b> 1137 moh	Mange ulike startpunkt er mulig. Turmålskilt frå Høyset.	15						
<b>Namn:</b> ..... <b>Alder:</b> ..... <b>Adresse:</b> ..... <b>T-skjorte</b> .....			<b>Samla poeng for turane</b> ( Min. 255 p for å få krus )						

## Turmål 2011 - Vestre Slidre

Ti turmål er valt i ulike delar av kommunen. Du hentar poeng på kvar tur du tek. Dette gjer at du kan gå fleire turar til same posten om du ynskjer det. For å få krus må du ha minimum 5 ulike turmål med til saman 255 poeng.

Dei som har tilstrekkeleg poeng og sender inn kortet sitt innan 1. november vil få eit krus med logo og bilde av eit fjellparti i Vestre Slidre. Barn kan i staden få T-skjorte med turmålmotiv, skriv inn storleik på rapportskjema (T-skjorte er også mulig å kjøpe, pris kr 100). Krusa er sponsa av kommunen og fjellstyret. Kruset kan hentast i resepsjonen i Vestre Slidre kommune frå 20. desember.

For å finne meir info om dei forskjellige turmåla + sjå kart, kan du gå inn på [www.vestre-slidre.kommune.no](http://www.vestre-slidre.kommune.no) eller [www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no).

Turmåla kan ha mange ulike startpunkt, og i tabellen er det eitt framlegg til turtute. Ved kvart turmål finn du ei Fysak-kasse med turbok & blyant for å skrive inn namn og dato for besøket. Turmålkassene blir utplassert innan 1.6.

Vi vil gjerne ha foto frå turane. Kanskje blir det plukka ut til å pryde årets kopp! Foto bør ha slik form som eksempel under; ca 16x6,5 cm.

Send foto til: [ina.syversen@vestre-slidre.kommune.no](mailto:ina.syversen@vestre-slidre.kommune.no)

Tips: Finn turmål med GPS Dette blir kalla Geocatching og postane finn du på internett.sjå: <http://www.gcinfo.no/> eller [www.geocatching.com](http://www.geocatching.com).




Foto som er på siste års kopp - frå Grønsennkampen med Grønsenn i bakgrunn Foto: Hanne Lyskjia



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Vestre Slidre kommune



Turkart over kommunen i målestokk 1:50.000 får ein kjøpt på butikkane. Kartet kan ein også finne på fjellstyret si nettside [www.vestre-slidre-fjellstyre.no/kart](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no/kart). På fjellstyret og kommunen sine nettsider kan du laste ned detaljkart for kvart turmål.